

Vurdering av innkomne søknadar post 71 2019

	Kulturminne/prosjekt	Kostnad med prosjektet	Søknadssum	Tilrådd tilskot	Vurdering
1	Arentzbu Askeladden id: 127432-1 Istandsetjing av ytterdør	50 000	35 000	35 000	Søknaden er for å dekke meirkostnader som fylje av vilkår sett i gitt dispensasjon frå fredingsvedtak. Fylkesdirektøren tilrår at det vert løyvd tilskot til dette prosjektet. Dette med bakgrunn i kulturminne lova § 15a som stiller krav til at meirkostnader som fylje av vilkår sett i dispensasjon skal dekkast heilt eller delevis.
2	Kaupanger hovedgård Askeladden id: 87643 Esa: 15/8819-56 Revidering av forvaltningsplan	70 000 I tillegg kjem eigar sin eigeninnsats i samband med prosjektet.	70 000	70 000	Det vart laga ein forvaltningsplan for Kaupanger hovedgård i 2008, i planen ligg det inne at den skal gjennomgåast minimum kvart 10 år. Eigar har no søkt om tilskot til revidering av planen på bakgrunn av pristilbod frå firmaet Tun_landskap. I tillegg til utgiftene til Tun_Landskap vil eigar bidra med eigeninnsats knytta til å leie arbeidet og å fylje opp firmaet som skal gjennomføre dette.
3	Christianelyst hovudhus, reiskapshus/vedhus, fjøs Askeladden id:876772-1 og 5 Esa: 15/8843 Hovudhus: reparasjon av gelenderet ved inngangen frå sjøsida Måling av sørvestre langvegg	35 000 Fordeling mellom bygningane: Gelender hovudhus 10 000 Maling av langvegg 5000 + ca. kr. 10 000 i liftleige Reparasjon av sørveslige vegg av vedhuset 4000	35 000	Hovudhus: 25 000 Vedhus 4 000 Fjøs 6 000	Søknaden omfattar mindre tiltak på tre av bygningane på Christianelyst, hovudhuset, vedhuset og fjøset. Bygningane har overordna tilstandsgrad 1, men i denne saka har eigar svært høg alder og mange freda bygningar. Dette fører til eit stort vedlikehaldsansvar og fylkesdirektøren ser at det kan vere utfordrande å gjennomføre dei omsøkte tiltaka utan tilskot. Fylkesdirektøren vurderer difor at ein i dette tilfellet kan gje eit tilskot frå post 71 til desse tiltaka.

	<p>Reiskapshus/vedhus: reparasjon av sørvestlige vegg</p> <p>Skifte av takrenner/kroker på sørvestveggen</p> <p>Fjøs: skifte av takrenner/kroker på sørvestveggen</p>	<p>Reparasjon av takrenner/kroker på sørvestveggen av fjøset 6000</p> <p>I tillegg kjem arbeidet med tiltaka som eigar sin familie vil utføre.</p>			
4	<p>Fladhammer</p> <p>Askeladden id: 87365-1</p> <p>Esa: 16/4690-34</p> <p>Istandsetjing av loft</p> <p>Tilbakeføring av dekorert panel på loftet.</p>	800 000	800 000	832 000	<p>Fladhammer har ei overordna tilstandsgrad på TG2.</p> <p>Eigar av Fladhammer har i fleire år arbeidd for å setje huset i stand slik at dei dekormåla panela, som ein tidlegare eigar demonterte, kan monterast. Panela er eit vesentleg moment i grunngjevinga for fredinga av huset og fylkesdirektøren vurderer det som viktig at dei kjem tilbake på opphavleg plass. Dette er eit omfattande og komplisert prosjekt med mange usikre faktorar. Hovuddelen av prosjektet omfattar antikvarisk arbeid som er svært kostbart og det vil vere utfordrande for eigar å ta ein stor del av desse kostnadane. Eigar vil bidra med arbeid i samband med tilrettelegging av remonteringa av panela i huset. I tillegg til dei antikvariske sidene av arbeidet må det og gjennomførast noko oppgraderingsarbeid. Eigar må ta alle kostnadar ved oppgraderingsarbeid knytt til isolasjon og nytt golv. På bakgrunn av panela si betyding for fredinga av huset vurderer fylkesdirektøren det som rett i denne saka at kostnadane ved det antikvariske arbeidet vert dekkja av tilskot frå post 71. På grunn av usikkerheit knytta til kostnadane ved prosjektet tilrår fylkesdirektøren at det i denne saka vert løyvd eit tilskot som er noko større enn omsøkt.</p>

5	Bispestova Askeladden id: 87363-1 Esa: 17/3935-25 Reparasjon av rundovn og dørlås	21 375	20 000	17 000	Bispestova si overordna tilstandsgrad er TG2. Det har i fleire år vore gjennomført eit større istandsetjingsarbeid på Bispestova i Lavik og arbeidet er no om lag ferdigstilt. Det står att ein del mindre arbeider og stiftinga har no søkt om tilskot til å setje istand rundommen i stoverommet og reparasjon av dørlåsen til ytterdøra. Omnen er i dårleg forfatning og kan ikkje fyrast i. Fylkesdirektøren vurderer det som eit godt prosjekt, men utfordringa er at stiftinga søker om nærmast fullfinansiering, noko det ikkje er mogleg å gje. Fylkesdirektøren tilrår difor at det vert løyvd noko mindre enn omsøkt til dette prosjektet og at stiftinga må finne resten av finansieringa ein annan stad.
6	Svanøy hovedgård Askeladden id: 87326-1 Esa: 15/8117-23 Istandsetjing av vindauga	350 000	250 000	Må handsamast i ei seinare sak.	Overordna tilstandsgrad er TG er 2. Stiftinga Svanøy Hus har i fleire år arbeidd med å setje istand vindauga på Svanøy hovedgård. Det står att ein del vindauga som må istandsetjast og dei har søkt om tilskot til dette. Dessverre er søknaden mangelfull med omsyn til kva vindauga som skal setjast i stand og det manglar eit oppdatert kostnadsoverslag til arbeidet som skal gjerast. Fylkeskommunen har etterlyst informasjon om dette frå eigar, men vi har til no ikkje motteke denne informasjonen. Fylkesdirektøren er i utgangspunktet positiv til at det vert tildelt tilskot til istandsetjing av vindauga på Svanøy hovedgård, men vi må ha dei nødvendige opplysingar for dette arbeidet. Fylkesdirektøren føreslår difor at denne søknaden vert handsama i ei seinare sak når vi har motteke ytterlegare informasjon om tiltaket.
7	Ormelid, Steinstova Askeladden id: 132245-2	255 900	255 900	212 000	Overordna tilstandsgrad er TG 2. Murane har TG 2

	<p>15/8805</p> <p>Vurdering av årsak til skadar og råd for vidare arbeid.</p> <p>Førebygging av skadar ved pinning og utbetring av vegg ved inngangsdøra.</p>				<p>Stiftinga har ein utfordring i at steinane i murane på steinstova knekk og murane har sige ut på to plassar. Ein er usikker på kva det er som gjer at dei no begynner å få skadar og stiftinga planlegg eit prosjekt der ein leiger inn Norsk institutt for kulturminnevern (NIKU) til å vurdere årsak til skadar og gje råd for vidare arbeid for istandsetjing og førebygging av nye skadar. I tillegg er det behov for å førebygge skadar ved vegg ved inngangsdøra. Dette er planlagt gjort ved å inne inn mindre steinar i muren for å unngå at dei store steinane knekker. Fylkesdirektøren vurderer dette som eit godt og fornuftig prosjekt som det bør løyvast tilskot til. Utfordringa med søknaden er stiftinga søker om fullfinansiering av prosjektet, noko vi ikkje har moglegheit til å gje. Fylkesdirektøren føreslår difor at det vert løyvd ein noko mindre sum til prosjektet enn omsøk. I forslaget til tildeling er det lagt opp til at søkjar får over 70% av kostnadane med prosjektet. Grunnen til dette er at fylkesdirektøren vurderer det som sær viktig at dette arbeidet vert gjennomført og bruken av bygningane på Ormelid har ei høg grad av allmennytte.</p>
8	<p>Ormelid, selet på Nedstestølen Askeladden id: 132245-9 Esa: 15/8805-48</p> <p>Restaurering av tømmerkasse i hall. Reparasjon av murar. Oppattføring av selet på opphavleg stad.</p>	1 140 000	795 000	570 000	<p>Bygningen har overordna tilstandsgrad 3 og er i dag demontert.</p> <p>Selet på Nedstestølen er ikkje freda, men er ein del av garden, og står i området som er freda i medhald av § 19. Bygningen er ein del av heilskapen til anlegget på Ormelid. På grunn av tilstanden vart den ikkje omfatta av freding etter kulturminnelova § 15. Fylkeskommunen har tidlegare løyvd ein mindre sum frå post 71 til merking og demontering av bygningen. Stiftinga søker no om tilskot frå post 71 til å dekke 70% av istandsetjinga av bygningen. Då bygningen ikkje er freda er det fylkesdirektøren si vurdering at vi ikkje kan gå inn med ein så stor dekningsgrad i tilskot. Det er ei utfordring på Ormelid at dei har mange oppstarta prosjekt som ikkje er ferdigstilte. Fylkesdirektøren tilrår at det vert løyvd eit tilskot til dette prosjektet, då fylkeskommunen allereie har gjeve</p>

					ei delfinansiering i merking og demontering av bygningen og det er viktig at den vert ført opp att. Då bygningen ikkje er freda tilrår fylkesdirektøren at ein ikkje går inn med så stor del av finansieringa som omsøkt, men at ein kan tildele eit tilskot på 50% av totalkostnadane ved prosjektet. Det er då ein føresetnad at stiftinga finn finansiering til resten av prosjektet frå ein annan stad.
9	<p>Ormelid, utløa på Nedstestølen Askeladden id: 132245-10 Esa: 15/8805-50</p> <p>Demontert bygning som ein no vil setje opp att.</p>	635 000	445 000	0	<p>Bygningen er ikkje freda, men er ein del av garden, og stod i området som er freda i medhald av § 19.</p> <p>Bygningen vart demontert i 2009 for å unngå at den rasa saman. Det er usikkert kor mykje av materiala som kan nyttast om att, sannsynlegvis vil det bli svært mykje ny material i denne bygningen. Stiftinga søker no om tilskot frå post 71 til å dekke 70% av istandsetjinga av bygningen. Då bygningen ikkje er freda er det fylkesdirektøren si vurdering at vi ikkje kan gå inn med ein så stor dekningsgrad i tilskot. I tillegg har stiftinga mange prosjekt på dei freda bygningane i tunet som er starta opp og ikkje ferdigstilt. Fylkesdirektøren vurderer difor at ein heller må prioritere å gje tilskot til istandsetjing av dei freda bygningane, samt selet på Nedstestlen der vi allereie har løyvd eit tilskot, slik at desse prosjekta vert ferdigstilt framfor å løyve tilskot til andre bygningar på eigedomen som ikkje er freda. Fylkesdirektøren tilrår difor at det ikkje vert gjeve tilskot til dette prosjektet.</p>
10	<p>Vonens hus Askeladden id: 87329-1 Esa: 15/8839-62</p> <p>Reparasjon av golvbord og bjelkelag i storstova (rom 105).</p>	222 470	190 000	190 000	<p>Tilstandsgrad for golvet er TG2.</p> <p>Søknaden er om tilskot til utbetring av skadar i bjelkelaget og montering av fuktsperre under golvet. Eksisterande golv vil bli tatt opp og brukt om att etter at grunnarbeidet og bjelkelaget er sett i stand. Eigar søker om å få dekkja meir enn 50% av tiltaket. Bakgrunnen for dette er at skadane er resultat av dårleg arbeid</p>

					<p>som har blitt gjennomført etter Riksantikvaren sine retningslinjer og i hovudsak vart finansiert av eigar. Av den grunn tilrår fylkesdirektøren at det vert løyvd tilskot som omsøkt til dette prosjektet.</p>
11	<p>Wittgensteinhuset Askeladden id: Esa: 1679420-40</p> <p>Ferdigstilling av tilbakeføring av Ludwig Wittgenstein sitt hus i Skjolden.</p>	525 000	525 000	525 000	<p>Det har tidlegare blitt løyvd vesentleg støtte til prosjektet med tilbakeføring av Ludwig Wittgenstein sitt hus i Skjolden. Prosjektet er i slutfasen og stiftinga opplyser i søknaden at kostnadane ved prosjektet har auka meir enn forventa. Av den grunn har dei søkt om eit nytt tilskot slik at prosjektet kan bli ferdigstilt våren 2019 i tråd med den opphavlege framdriftsplanen. Fylkesdirektøren vurderer det som viktig at dette prosjektet vert ferdigstilt etter planen. Av den grunn tilrår fylkesdirektøren at det vert løyvd eit tilleggstilskot slik stiftinga søker om.</p>
12	<p>Hotel Mundal Askeladden id: Esa: 17/8471-25</p> <p>Istandsetjing av tak og takkonstruksjon.</p>	19 068 100	3 500 000	Må handsamast i ei seinare sak	<p>Taket på Hotel Mundal har tilstandsgrad 3.</p> <p>Søknaden omhandlar istandsetjing av taket på Hotel Mundal. Tidlegare eigar har hatt planar om tilbakeføring av bygningen sin opphavlege utsjånad og prosjektet har vore planlagt ut i frå dette. I januar fekk hotellet ny eigar og prosjektet vil sannsynlegvis endre seg noko då den nye eigaren ikkje har planar om tilbakeføring av bygningen, men heller ynskjer å setje istand bygningen slik den er. Ei fylje av dette er at det omsøkte prosjektet og kostnadsoverslaget må endrast då omfanget av prosjektet vert noko mindre. Fylkesdirektøren vurderer det som fornuftig å prioritere å setje bygningen istand slik den er. Dette vil vere eit mindre og meir handterleg prosjekt, samstundes som dei kulturhistoriske verdiane i bygningen blir tatt vare på. Fylkeskommunen har vore i dialog med den nye eigaren og han vil sende inn ny søknad om tilskot til eit revidert prosjekt. Av den grunn tilrår fylkesdirektøren at vi avventar med å handsame denne saka til vi har motteke det reviderte prosjektet. På grunn av</p>

					usikkerheita i kostnadane og kor mykje tilskot som skal løyvast frå post 71 tilrår fylkesdirektøren at ein større sum at dei tildelte midlane ikkje vert fordelt i denne saka.
13	Koparverkshuset Askeladden id: 87392-1 Esa: 18/8517-5 Istandsetjing av torvtak. Varedør til ytterdøra.	221 765	160 000	160 000	Taket på Koparverkshuset har tilstandsgrad 2. På Koparverkshuset er det behov for å legge om torvtaket og utbetre roteskadar på treverket under torva. Dette bør gjerast no slik at ein unngår skadar på bygningen. I tillegg søker stiftinga om tilskot til å montere ei varedør framfor ytterdøra. Dette for å beskytte den dekormåla døra mot skade. Fylkesdirektøren vurderer begge tiltaka som gode tiltak som vil beskytte bygningen mot skader i framtida. Av den grunn tilrår fylkesdirektøren at det vert løyvd tilskot som omsøkt til dette prosjektet.
14	Parken burettslag Esa: 18/2476 (må flyttes til rett sak) Dekking av meirkostnadar som fylje av disp. i samband med oppsetjing av brannstigar.	82 861	17 150	17 000	Parken burettslag fekk dispensasjon frå vedtak om freding for å montere brannstigar på alle bygningane til burettslaget. Eit vilkår sett i dispensasjonen var at stigane skulle målast i same farge som bygningane. Dette førte til noko meirkostnadar og burettslaget søker no om å få dekkast desse. Fylkesdirektøren tilrår at det vert løyvd tilskot til dette prosjektet. Dette med bakgrunn i kulturminne lova § 15a som stiller krav til at meirkostnadar som fylje av vilkår sett i dispensasjon skal dekkast heilt eller delevis.
15	Nedre Kvamme, våningshus Askeladden id: Esa: 15_/8842 Remontering av: - Bjelkelag	232 875	200 000	160 000	Bygningen har overordna tilstandsgrad 2. Tilstandsanalyse omfattar ikkje interiør. Det har vore gjennomført eit større arbeid med istandsetjing av våningshuset på Nedre Kvamme. Det utvendige arbeidet er ferdigstilt og det er no behov for remontering av interiør og reparasjon av muren på endeveggen. Fylkesdirektøren vurderer

	<ul style="list-style-type: none"> - Golv - Dører - Supplering av listverk <p>Remuring av brannmur. Reparasjon av mur på endevegg. Isolering</p>				<p>det som viktig at det innvendige arbeidet vert ferdigstilt slik at eigar kan ta i bruk heile bygningen. I søknaden var det ikkje oppgjeve ein søknadssum dette har blitt etterlyst, men vi har ikkje motteke det til no. Då eigar har fleire freda bygningar med stort vedlikehaldsbehov er det fylkesdirektøren si vurdering at vi i dette tilfelle kan tildele nærare 70 % av kostandane ved prosjektet sjølv om tiltaket er på eit bustadhus.</p>
16	<p>Loftesnes Askeladden id: Esa: 15/8841-41</p> <p>Varedør i 1 og 2 etasje Utbedring av karm.</p>	100 000	50 000	52 700	<p>Søknaden er om tilskot til varedør for hovudinngangsdøra og balkongdøra i 2. etasje. Fylkesdirektøren vurderer dette til å vere eit godt tiltak då ein ved å montere varedører kan behalde dei originale dørene i bygningen samstundes som eigar får ein god bukomfort inne. Eigar søker om å få dekke 50% av kostnadane med dette. Fylkesdirektøren har her valt å nytte resten av tilskotet som vart løyvd i 2013 til dette prosjektet. Dette var midlar som var løyvd i samband med grunnlovsjubileet i 2014 og midlane er øyremarka bygningar knytt til eidsvollsmenna sine hus. På Loftesnes budde eidsvollsmannen Lars Johannes Irgens. Då dette er midlar som har stått lenge hjå fylkeskommunen utan at dei har blitt brukt har fylkesdirektøren her valgt å løyve kr. 2 700 ekstra til dette prosjektet slik at alle midlane løyvd i 2013 vert nytta.</p>
17	<p>Dendroanalyse</p>	50 000	50 000	50 000	<p>Fylkeskommunen planlegg å gjennomføre dendroanalyse på fyljande bygningar i 2019:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Løa i Bensentunet • Ormelid <p>I tillegg er det forventat at ein i løpet av året får informasjon om bygningar som har høg alder og der det er hensiktsmessig at det vert gjort ein datering.</p> <p>Tilskotet skal gå til å dekke kostnadar ved analyse av boreprøvar som vert tatt av fylkeskommunen sin restaureringsleiar.</p>

18	Kurs i kalkpussing	60 000	40 000	40 000	Det står mange freda bygg i fylket i dag der murane manglar kalkpuss. Dette har vore eit forsømt vedlikehald i fleire tiår. Kompetansen med kalkbruk og kalkpussing har mest forsvunne. Det er difor viktig at vi får til fleire kurs på dette området dei neste åra.
19	Ormelid Forvaltningsplan	45 000	45 000	45 000	Det vart i 2017 løyvd tilskot til delfinansiering av forvaltningsplan for Ormelid. Arbeidet er i gang men stiftinga rakk ikkje å ferdigstille det innan fristen. Av den grunn vart tilskotet trekt tilbake. Stiftinga forventar at planen vert ferdigstilt i 2019 og dei har søkt om nytt tilskot for 2019, summen i søknaden for 2019 tilsvarar den summen som vart trekt tilbake. Då planen skal ferdigstillast i 2019 tilrår fylkesdirektøren at det vert løyvd nytt tilskot til prosjektet tilsvarande den summen som vart trekt tilbake.
20	Ormelid Øvstestova	10 000	10 000	10 000	Det vart i 2017 løyvd tilskot til istandsetjing av Øvstestova på Ormelid. Arbeidet er ikkje ferdigstilt innan fristen og av den grunn vart det resterande tilskotet trekt tilbake. Stiftinga planlegg at arbeidet på Øvstestova skal ferdigstillast i 2019 og har søkt om nytt tilskot for 2019. Summen i dei søkjer om for 2019 tilsvarar den summen som vart trekt tilbake. Då arbeidet skal ferdigstillast i 2019 tilrår fylkesdirektøren at det vert løyvd nytt tilskot til istandsetjinga av Øvstestova tilsvarande den summen som vart trekt tilbake.
21	Ormelid Stabburet	150 000	150 000	150 000	Det vart i 2017 løyvd tilskot til istandsetjing av stabburet på Ormelid. Arbeidet er ikkje ferdigstilt innan fristen og av den grunn vart det resterande tilskotet trekt tilbake. Stiftinga planlegg at arbeidet på stabburet skal ferdigstillast i 2019 og har søkt om nytt tilskot for 2019. Summen i dei søkjer om for 2019 tilsvarar den summen som vart trekt tilbake. Då arbeidet skal ferdigstillast i 2019 tilrår fylkesdirektøren at det vert løyvd nytt tilskot til

					istandsetjinga av stabburet tilsvarande den summen som vart trekt tilbake.
22	Hårklau Istandsetjing av bu	200 000	200 000	200 000	Det vart i 2017 løyvd tilskot til istandsetjing av bua på Hårklau. Arbeidet har ikkje kome i gang og tilskotet har blitt trekt tilbake. Eigar har no søkt om nytt tilskot for 2019 tilsvarande det tilskotet som vart trekt tilbake. I tillegg har eigar søkt Norsk kulturminnefond og kommunen om tilskot til dette prosjektet slik at det kan startast opp i 2019. Bygningen er i dag demontert og ligg lagra og det er etter fylkesdirektøren si vurdering viktig at den vert ført opp att. Fylkesdirektøren tilrå difor at det vert løyvd nytt tilskot til istandsetjinga av bua på Hårklau tilsvarande den summen som var trekt tilbake.